



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Fredag 24. februar 2017 kl. 10.45–14.50

Til stades

Lodve Solholm (leiar, ikkje sak 19/2017), Grete Riise (nestleiar, møteleiar sak 19/2017), Hilde Barstad, Brit Bildøen, Sæbjørn Forberg, Stina Aasen Lødemel, Jon Østbø, Øystein A. Vangnes (rådsordførar, observatør), Ottar Grepstad (direktør)

Sakliste

Konstituering

- 01/2017 Innkalling og sakliste
- 02/2017 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

- 03/2017 Referatsaker
- 04/2017 Aktuelle saker
- 05/2017 Personalsaker

Vedtaksaker

- 06/2017 Rekneskap 2016
- 07/2017 Årsmelding 2016
- 08/2017 Søknader om offentlege tilskot 2018
- 09/2017 Oppnemningar
- 10/2017 Diktkammeret.no
- 11/2017 Årets nynorskbrukar 2017
- 12/2017 Langtidsplan kulturprogram 2017–2020
- 13/2017 Nasjonalt språkforum
- 14/2017 Forvaltning av rettskriving
- 15/2017 Perspektivmøte for nynorsk 2017
- 16/2017 Norske og engelske institusjonsnamn
- 17/2017 Profilprogram med Allkunne
- 18/2017 Neste møte

Drøftingssaker

- 19/2017 Vinje-senteret: utlysing dagleg leiar

Konstituering

01/2017 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend med ny sak 18/2017 om tidspunkt for neste møte.

02/2017 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 9.12.2016 er godkjend.

Saker til orientering

03/2017 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

04/2017 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

05/2017 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

06/2017 **Rekneskap 2017**

Vedtak

1. Styret godkjenner rekneskapen for 2016.
2. Av årsoverskotet på 1 232 433 kroner blir 682 433 kroner lagd til egenkapitalen. Det inkluderer likvidasjonsvederlag frå Allkunne AS på 273 846 kroner. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 4 048 793 kroner.
3. 150 000 kroner blir sett av til vedlikehaldsfondet som etter dette er på 450 000 kroner.
4. 250 000 kroner blir sett av til ombygging av Steinhuset i Aasen-tunet for tre permanente arbeidsplassar, 75 000 kroner til nytt og mindre flygel i Aasen-tunet, og 75 000 kroner til innkjøp av utstyr for strøyming av utvalde arrangement frå alle avdelingane.

07/2017 **Årsmelding 2016**

Vedtak

Styret godkjenner årsmelding 2016 og tek årsrapport frå administrasjonen til vitende.

08/2017 **Søknader om offentlege tilskot 2018**

Vedtak

Styreleiar og direktør får fullmakt til å fullføre søknadene om investerings- og driftstilskot for 2018 på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.

09/2017 **Oppnemningar**

Vedtak

1. Styret sluttar seg til framlegg til medlemer av fagråd for Vinje-fondet 2017–2018.
2. Frå 2018 tek Vinje-senteret over den administrative delen av arbeidet med Vinje-fondet.
3. Styret sluttar seg til framlegg til medlemer og varamedlemer i rådet for Norsk Barneblad 2017–2018.
4. Styreleiaren får fullmakt til å supplere oppnemningane viss det blir nødvendig.

10/2017 Diktkammeret.no

Vedtak

Styret legg vekt på å gjere det mogleg for Hauge-senteret å føre vidare det arbeidet som alt har gitt gode resultat. Oppgåvene må samsvare med tid og pengar til rådvelde, og vanskelege val takast. Ut frå ei samla vurdering blir difor ikkje arbeidet med Diktkammeret.no ført vidare. Løyvde midlar frå Kulturrådet blir betalte tilbake.

11/2017 Årets nynorskbrukar 2017

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2017* går til generalløytnant Morten Haga Lunde for å gi bruk av nynorsk den autoriteten som trengst på eit område som har vore mindre språkleg mangfaldig enn resten av samfunnet.
2. Prisen er på 100 000 kroner, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 29. juni 2017. Som ein del av prissummen tek prisvinnaren del i arrangementet «Prisvinnarens time» under Dei nynorske festspela 2017 og på eit anna arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum i 2017 eller 2018.
3. Prisvinnaren og grunngivinga blir etter planen offentleggjort torsdag 2. mars.

12/2017 Langtidsplan kulturprogram nr. 2 2017–2020

Vedtak

1. Styret godkjenner *Langtidsplan kulturprogram nr. 2 2017–2020* med dei merknadene som kom fram i møtet.
2. Styret føreset at dei årlege resultatvurderingane byggjer på føresetnadene i langtidsplanen.
3. Dei strategiske linjene i langtidsplanen blir lagde til grunn også for utviklinga av kulturprogram ved Vinje-senteret.
4. Styret drøftar neste langtidsplan i 2020.

13/2017 Nasjonalt språkforum

Vedtak

Styret støttar framlegget om å invitere aktuelle aktørar til eit Nasjonalt språkforum og bed rådet drøfte saka før administrasjonen følgjer opp med invitasjon til eit første møte.

14/2017 Forvaltning av norsk rettskriving

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum set pris på den tilliten som ligg i eventuelle framlegg om å be oss ta ver forvaltninga av rettskrivinga for nynorsk, og vi drøftar gjerne spørsmål om åta på oss nye oppgåver som ikkje rokkar ved sjølvstendet vårt.
2. I tråd med jamstillingsvedtaket av 1885 legg Nynorsk kultursentrum til grunn prinsippet om at nynorsk og bokmål skal bli verande to demokratisk styrte språk.
3. Nynorsk kultursentrum legg også stor vekt på at Språkrådet blir verande eit sterkt fagorgan for språk.
4. På dette grunnlaget kan ingen instans forvalte rettskrivinga av dei to norske språka nynorsk og bokmål betre enn Språkrådet alt gjer. Difor takkar Nynorsk kultursentrum nei til eventuelle framlegg om å overta normering av nynorsk frå Språkrådet.

15/2017 Perspektivmøte for nynorsk 2017

Vedtak

Med dei merknadene som kom fram i møtet, sluttar styret seg til framlegget til program for *Perspektivmøte for nynorsk 2017*.

16/2017 Norske og engelske institusjonsnamn

Vedtak

Styret sluttar seg til framlegget til norske og engelske institusjonsnamn

17/2017 Profilprogram med Allkunne

Vedtak

Styret godkjenner framlegget til ikon for Allkunne.

18/2017 Neste møte

Vedtak

Neste styremøte er 8.6.2017. Styremedlemer som ønskjer det, er med på andre dag av landstinget til Landssamanslutninga av nynorsk kommunar i Ulsteinvik 9.6.

Drøftingssaker

19/2017 Vinje-senteret: utlysning dagleg leiar

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

Godkjend protokoll

Protokoll frå styremøte 24. februar 2016 er godkjend i møte 8. juni 2017.

Lodve Solholm

Grete Riise

Hilde Barstad

Brit Bildøen

Sæbjørn Forberg

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad